



Bygland kommune

4745 BYGLAND

**Vår dato:** 01.09.2022

**Vår ref.:** 201700254-23 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 2018/74-154

**Sakshandsamar:** Astrid Flatøy,  
22959768, asfl@nve.no

## **NVE trekker motsegn - 2. gongs offentleg ettersyn - Områderegulering for Ose bygdesenter - Bygland kommune**

Vi viser til brev datert 7.4.2022. Saka gjeld 2. gongs offentleg ettersyn - Områderegulering for Ose bygdesenter, planID 201601, som er lagt ut til høyring og offentleg ettersyn etter 2. gongs behandling. Formålet med planen er å legge til rette for ny Ose bru, kommunalt reinseanlegg, god trafikal avvikling, også for mjuke trafikantar og for nærings- og kulturinteresser.

### **NVE trekker motsegn til skred- og flaumfare i planen.**

#### **Bakgrunn**

Då saka var på høyring første gong i 2019, hadde NVE motsegn til planen. Kommunen har no innhenta rapporter, ny ROS-analyse og oppdatert planen med nytt kart og føresegner. NVE har hatt dialog med kommunen om skredrapporten som var sendt med høyringa. Rapporten er blitt revidert 4.7. og 8.8.2022. NVE har fått utsett frist til 2.9.2022.

#### **Motsegn 2019**

NVE hadde i brev datert 2.7.2019, motsegn til planen grunna manglende utgreiing av flaum- og skredfare. Motsegna vart samordna av Fylkesmannen i Agder i brev av 10.7.2019.

#### **Skredfare i planområdet**

Eitt av grunnlaga for motsegna var at skredfaren mot planlagde byggeområde ikkje var tilstrekkeleg utgreidd.

Kommunen har fått utarbeidd skredkartlegging. Multiconsult AS har i notat datert 20.11.2020 vurdert alle skredtyper i bratt terrenget i tre områder innafor planområdet. Dei har laga faresonekart som viser områder som er utsett for skred med årleg nominell sannsyn på  $\geq 1/100$ ,  $\geq 1/1000$  og  $\geq 1/5000$ . Dimensjonerande skredtype i området er steinsprang og flaumskred. Faresonene er lagt inn i plankartet som omsynssoner, og det er gitt føresegner til dei.



Viss ein skal føre opp nye bygg, installasjonar, påbygg o.l. innanfor faresonene som ikkje oppfyller krava til sikkerheit i TEK17 § 7-3, må ein utføre sikringstiltak for å tilfredsstille krava til sikkerheit.

I ROS-analysen i nr 004 Skred, står det: «Skogsområde/trær hindrer skredutløsning». Det står ikkje kor dette gjeld. I vår motsegn i 2019 skreiv vi at: «I samband med skredfarevurderinga må det også vurderast om kvalitetane til skogen er slik at denne kan hindre utløsing av skred. Viss skogen skal bidra til å hindre utløsing av skred må det stillas krav til drifta av skogen i fråsegnene.»

I revidert skredrapport av 8.8.2022 er det tatt inn eit avsnitt i 2.5 der det står at «Skogen i området vurderes i utgangspunktet ikke å ha noen stor betydning for skredfaren, verken i forhold til utløsning av skred eller begrensning av utløp.» I punkt 3.5 om snøskred står det: «Oppsummert er vår vurdering at snøskred ikke en aktuell skredtype i det vurderte området.»

**Med grunnlag i notat frå Multiconsult AS av 20.11.2020, revidert 4.7. og 8.8.2022, løyer NVE motsegna til planen på dette punktet.**

#### Flaumfare ved Ose bru

NVE hadde og motsegn knytt til ny Ose bru fordi det ikkje var vurdert verknader knytt til fare for oppstiving for ny brutype over Otra i Bygland kommune. NVE hadde difor ikkje tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere verknadene av tiltaket.

Norconsult har utført ein analyse og i rapport datert 1.10.2021 vurdert kva konsekvensar dette kan ha for flaumvasstanden oppstraums brua.

Berekna 200-årsflaum for Otra ved Ose bru, er om lag  $815 \text{ m}^3/\text{s}$  (inkludert 20% klimapåslag). Resultata viser at vasstandsauken ved 200-års flaumvassføring med klimapåslag er på om lag 1 cm på heile strekninga (maksimalt 2 cm mellom utvalde tverrprofil). Dei vurderer aukingar på 1 cm som små for den aktuelle strekninga.

**NVE legg resultat og vurderingar til grunn, og har ikkje lenger grunnlag for motsegn på dette punktet.**

#### **Faglege råd i brevet frå 2019**

NVE ga Bygland kommunen eit sterkt fagleg råd om å ta inn ei føresegn som stiller krav til handtering av overvatn før det blir gitt løyve til bygging. NVE viste til plan- og bygningsloven § 1-8 om forbod mot tiltak langs vassdrag, og ga fagleg råd om å ta inn føresegner om byggegrenser mot vassdrag.

I revidert plan er det tatt inn føresegner om overvatn i § 7.1 og om byggegrenser mot vassdrag i § 2.2.2.



## NVEs innspel og råd til endring av føresegner i planen

### Føresegner til skred

Vi meiner at føresegner til skred i § 5.1 kan vere meir presise. I samråd med kommunen foreslår vi desse endringane:

#### H310\_1

I område med årleg nominell sannsyn > 1/100 (raudt) er det ikkje tillate å bygja nokre tiltak som fell innunder sikkerheitsklasse S1, S2 eller S3. For tiltak som fell innunder sikkerheitsklasse S1, S2 eller S3, må området bli sikra slik at det oppfyller krava for sikkerheitsklassen etter TEK17 § 7-3, 2. ledd. Eventuelt må bygget må bli konstruert slik at det toler påkjenning frå skred.

#### 310\_2

I område med årleg nominell sannsyn > 1/1000 (oransje) er det tillate å byggje tiltak som fell inn under sikkerheitsklasse for skred S1. For tiltak som fell innunder sikkerheitsklasse S2 eller S3, må området bli sikra slik at det oppfyller krava for sikkerheitsklassen etter TEK17 § 7-3, 2. ledd. Eventuelt må bygget må bli konstruert slik at det toler påkjenning frå skred.

#### H310\_3

I område med årleg nominell sannsyn > 1/5000 (gult) er det tillate å byggje tiltak som fell inn under sikkerheitsklasse for skred S1 og S2. For tiltak som fell innunder sikkerheitsklasse S3, må området bli sikra slik at det oppfyller krava for sikkerheitsklassen etter TEK17 § 7-3, 2. ledd. Eventuelt må bygget må bli konstruert slik at det toler påkjenning frå skred.

### For LNF spreitt § 4.4.2 SLB1-7 og 4.4.3 LSF1-6 er det gitt desse føresegna:

«Nye tiltak som kjem i konflikt med vern av landbruksareal, landskap, kulturminne, natur- eller friluftsinteresser, eller flaum-/skredfare, vil krevje uttale frå overordna myndighet før søknaden blir godkjent.»

Dette gjeld LSB1 og LSF5 (flaum) og LFS1 (skredfare).

I høve til flaumfare og skredfare gir NVE eit fagleg råd om at føresegna vert endra til: «Viss tiltaket ligg i faresone flaum eller skred, må tiltakshavar dokumentere at sikkerheitskrava i TEK17 er oppfylt før vedtak om bygging».

Vi vurderer at grunnlaget for motsegna har falle bort. **Under føresetnad av at planen vert vedteken i samsvar med det vurderte utkastet trekker NVE motsegn til områderegulering for Ose bygdesenter.**



Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Astrid Flatøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

**Mottakarar:**

Bygland kommune

**Kopimottakarar:**

STATSFORVALTEREN I AGDER